








# Årsmelding 2022



# MUHO – eit kultur- og naturarvsmuseum

Museum for levande kultur- og naturarv, industriarv og kompetansemiljø for bevaring. Spydspissane Levande natur- og kulturarv, Industriarv, Migrasjon og mangfald og Bevaring er dei tematikane som definerer oss som museum. Dei beskriv det som er unikt og viktig for oss, vårt DNA og det som bind oss saman og gjev retning til vårt arbeid. Musea er lokaliserte i Bergen, Osterøy og Alver. MUHO forvaltar det freda nasjonale teknisk - industrielle kulturminnet, Salhus Tricotagefabrik, det freda nasjonale kulturlandskapet, Havrå, og vi har ansvar for dei verna kystlyngheiene på Lygra. Osterøy museum og Vestnorsk utvandringssenter har omfattande samlingar av museumsbygg og gjenstandar kor forvaltning av immateriell kulturarv og migrasjon i eit heilskapleg perspektiv, har fokus. Kulturminna vert forvalta gjennom bruk og skjøtsel og med høgt fokus på handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. MUHO driv fellesmagasin, tilbyr konserveringstenester av høgaste faglege kvalitet og tilbyr musea i Vestland råd og rettleiing innan bevaring og forvaltning av gjenstandar.


MUHO skal vere eit synleg og relevant museum som bidreg med kunnskap om kultur- og naturarv for ei berekraftig samfunnsutvikling. Dette ligg til grunn for planane og arbeidet som vert utført gjennom formidling av kunnskapen på våre museum og gjennom samarbeidsprosjekt, utstillingar, deltaking i forskingsprosjekt, debattar og publiseringar.

MUHO tilbyr heilskaplege og eksklusive kunnskapsopplevingar prega av høg kvalitet med engasjerte og kunnskapsrike tilsette. Hos oss opplever ein ikkje berre unike kulturminne og kulturmiljø, men vi er levande destinasjonar der dei besøkande kan sjå kunnskap brukt i drifta av anlegget, dei kan boltre seg i utandørs miljøa, her er det nok plass til heile familien og ein kan bruke god tid både i utstillingane og i kafeane med utsikt til fjorden eller lyngheiane.



# Innhold

<b>1. INNLEIING</b>	<b>4</b>
<b>2. NØKKELTAL</b>	<b>5</b>
<b>3. ORGANISASJON</b>	<b>6</b>
<b>4. STYRET</b>	<b>6</b>
<b>5. PERSONALE</b>	<b>7</b>
<b>6. ØKONOMI</b>	<b>8</b>
<b>7. HEILSKAPLEG SAMLINGSUTVIKLING</b>	<b>9</b>
<b>8. TRYGG IVARETAKING</b>	<b>9</b>
<b>9. KULTURLANDSKAP</b>	<b>10</b>
<b>10. IMMATERIELL KULTURARV</b>	<b>11</b>
<b>11. BYGG OG ANLEGG/ BYGNINGSVERNARV</b>	<b>12</b>
<b>12. FELLESTENESTER FOR MUSEA I HORDALAND</b>	<b>12</b>
<b>13. RELEVANT FORMIDLING</b>	<b>13</b>
<b>14. SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON</b>	<b>14</b>
<b>15. KLIMA OG MILJØ</b>	<b>14</b>
<b>16. ARBEID I MUSEUMSREGIONEN</b>	<b>15</b>
<b>17. MANGFALD OG INKLUDERING</b>	<b>15</b>
<b>18. FRIVILLIG ARBEID</b>	<b>16</b>
<b>19. REKNESKAP OG REVISJONSRAPPORT</b>	<b>17</b>
<b>20. REVISJON 2022</b>	<b>19</b>
<b>21. MELDING FRÅ STYRET</b>	<b>20</b>
<b>22. DETTE ER MUHO</b>	<b>22</b>





Studietur til lågenemagasin i Nederland.

# 1. Innleiing

Museumsdrift er alltid prega av stor usikkerheit knytt til mange faktorar. I 2022 fekk vi kjenne ekstra mykje på dette. Ved inngangen til året var det framleis strenge restriksjonar knytt til pandemien og gjennom året opplevde vi eskalerande kostnadsauke på dei fleste felt og straumkostnader ute av kontroll. Dei tilsette har vist imponerende evne til å “trå til” og bidra til god omstilling. Mykje arbeidstid er gått med til å sette inn naudsynte tiltak for å minimere konsekvensar knytt til kostnadsauken. Arbeidet har gitt gode resultat med løysingar som rustar oss betre for framtida.

Mål for fagleg utvikling er forankra i fagplanar og strategiprojekt som også ser virkefelt og kompetanse på tvers av organisasjonen. Vi har sett gode faglege resultat gjennom auka forskingsaktivitet, bruk av nye digitale verktøy, nettverksprosjekt som sikrar nye perspektiv og aktualiserer samlingane våre og vi har oppnådd tydelege resultat innan samlingsutvikling og forvaltning på grunnlag av oppdaterte, gode fagplanar og kontinuerleg fokus på framdrift og utvikling.

Vi har arbeidd målretta for å sikre ein robust organisasjon og relevant kompetanse med fleire nye tilsettingar. Vi har i mykje større grad nytta intern kompetanse tvers av avdelingane, og kartlagt og gjennomført naudsynt kompetanseheving.

Det er lagt ned eit stort og solid stykke arbeid i å utvikle konseptet for eit nytt samlingsentrum for musea i Vestland det siste året, der MUHO har ei heilt sentral rolle. I august var rapporten ferdig og sendt til politisk handsaming hjå fylkeskommunen. Vi valde å endre namn frå Nytt fellesmagasin for musea i Vestland til *Nytt samlingsentrum for musea i Vestland*, då dette ikkje berre skal vere eit magasin for god bevaring av museumsgjenstandar, men og vere ein stad der samlingsforvaltarar frå dei ulike musea arbeider saman og ser dei ulike museumssamlingane i samanheng. I samband med rapporten oppdaterte vi arealbehova, undersøkte ulike tomtealternativ og var på studietur til tre ulike magasin i Nederland.

Det har vært jobba intenst med å finansiere «Naturrom Lygra», ei viktig satsing for MUHO som har fått gode tilbakemeldingar frå mange hald. Prosjektet svarer opp nasjonale mål, og skal styrke kunnskapsproduksjon og tverrfagleg forskning, formidling om samfunnsmessige utfordringar knytt til dagens ressursbruk og det grønne skiftet. Vi har allereie motteke tilskot til kunnskapsproduksjon frå UNESCO og Forskringsrådet, og til sjølv realiseringa av formidlingsbygget har vi etablert samarbeid med private partnarar.



Liesa Berens syner barne- og familieministeren Kjersti Toppe eit alterklede i skinn frå Udenes kyrkje


## 2. Nøkkeltal

Besøket på musea i MUHO har haldt seg stabilt over fleire år, med litt auke frå år til år fram til 2019. Perioden 2020-2022 har vore sterkt prega av restriksjonar for arbeid-, reise- og kulturliv. Avdelingane i MUHO er svært ulike og har og store sprik i besøkstal og samansetning av betalende, ikkje betalende, vaksne enkeltbesøk og skulebesøk. Både koronasituasjonen og no straumkrisa har endra ressursituasjonen med tanke på opningstider og arrangement. Vi har m.a. færre besøkande studentar grunna dårlegare økonomi hos Universitetet i Bergen. Vi har fått fleire større grupper med cruisebesøk. Fleire prosjekt knytt til utvikling av nye publikumstilbod er i gang.

	2022	2021	2020	2019	2018
<i>Tal på besøk</i>	20 546	15 945	9 578	27 788	28 903
<i>Årsresultat*</i>	2 478	950	2 266	1 103	-356
<i>Eigenkapital*</i>	27 254	24 776	23 826	21 560	20 457
<i>Faste tilsette</i>	50	52	45	43	45
<i>Kulturhistoriske bygningar</i>	103	103	103	104	104
<i>Gjenstandar</i>	39 470	40 609	40 357	40 230	40 096
<i>Foto</i>	17 764	17763	17 741	17 658	16 242
<i>Kulturlandskap (dekar)</i>	3 580	3 580	3 580	3 580	3 580
<i>Årsverk (faste)</i>	42,66	41,7	34,7	35,8	35,8
<i>Tal årsoppg. til lønsmottakar</i>	119	110	100	122	127
<i>Sjukefråvær</i>	5,41%	5,45%	6,25 %	7,5 %	1,56 %

\* Tal i tusen kr

# 3. Organisasjon



## STRATEGIARBEID

I 2022 har det vore fokus på prosjektarbeid knytt til strategiplan 2022-2027, og vi har gjennomført fleire prosjektleiardagar for å sikre framdrift for prosjekta. Fleire prosjekt er gjennomført og avslutta, og mange prosjekt er i gang. Vi har fått utarbeidd ein digital prosjektoversikt for å halde kontroll over prosjekta og framdrifta.

# 4. Styret

Styremedlem		Oppnemnt av
<b>Sara Hamre Sekkingstad – styreleiar</b>	(vara: Kjetil Eikefet)	<b>Kommunane i Nordhordland</b>
<b>Geir Steinar Dale – nestleiar</b>	(vara: Inger Lise Skarstein)	<b>Bergen kommune</b>
<b>Frank Willy Djuvik</b>	(vara: Kristina Vakt skjold Hamre)	<b>Vestland fylkeskommune</b>
<b>Jorunn Tvedt</b>	(vara: Karl Vågstøl)	<b>Vestland fylkeskommune</b>
<b>Tone Hellesund</b>	(vara: Åslaug Ommundsen)	<b>Universitetet i Bergen</b>
<b>Hanne Dale</b>	(vara: Bjørnar Myklebust)	<b>Tilsette</b>



Lyngbrenning på LHS

## 5. Personale

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 50 faste tilsette i 42,66 årsverk. I tillegg var det 6 fast tilknytt MUHO i lengre vikariat eller prosjektstillingar i 5,4 årsverk. Nokre faste tilsette gjekk òg i lengre vikariat i tillegg, og vikariat og prosjektstillingane utgjorde til saman om lag 2,7 årsverk. 27,8% av dei tilsette er menn, 73,2% er kvinner. I tillegg har vi hatt 29 personar som har vore sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 49,4 faktiske årsverk i 2022. Styret har 6 medlemmer: 4 kvinner og 2 menn.

### HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

MUHO er ei IA-verksemd og legg til rette for arbeidstrening og MUHO er ei IA-verksemd og legg til rette for arbeidstrening og praksisplassar for personar frå NAV der det er mogleg. Gjennom året har det vore fleire personar innom på ulike tiltak i fleire avdelingar.

MUHO har inngått avtale om bedriftshelseteneste med DNA kompetanse. Alle tilsette knytt til risikoarbeid fekk tilbod om arbeidshelsekontroll, noko som blei gjort rett over nyttår i 2023. Dei fleste nytta seg av tilbodet.

Vi har hatt fire møte i AMU i løpet av året. I tillegg hadde vi tre samrådsmøte (partssamansett utval).

### HMT-MÅLA VÅRE FOR 2022 VAR:

- Skape eit godt arbeidsmiljø ved å bruke STAMI sitt verktøy for områda organisering, engasjement, anerkjenning, leiling og føreseielegheit.

- Ha fokus på aktivitetar og prosesser som bidrar til fellesskap i MUHO.
- Identifisere bruken av og eksponering for helse- og miljøfarlege stoff i heile MUHO, og lage tiltaksplan for handtering av dette.
- Gjennomføre risiko-analyse/opplæring for dei som jobbar i publikumskontakt, inkludert handtering av uventa hendingar/krisar.

Vi har hatt fokus på arbeidsmiljø for trivsel og samhald, og jobba med dette ved å nytte STAMI sitt verktøy i avdelingane.

Sjukefråværet i 2022 var 5,41% ein knapp nedgang frå 5,45 % i 2021. Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2022. Det var ein auke i korttidsfråvær i 2022.

Det årlege kurset i bruk av hjartestartar og førstehjelp vart gjennomført i mars og juni. Det var kurs i brannvern i oktober. Det var kurs i yringsklima i regi av bedriftshelsetenesta i september.

MUHO har gjennomført kartlegging for Aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP), sett opp rutinar for dette arbeidet og utarbeida den første handlingsplanen. Arbeidet med ARP har òg gitt auka fokus og bevisstheit på likestilling, og tiltak mot opplevd diskriminering og trakassering.

### ARP-rapporten finn du her:

<https://dms-cf-06.dimu.org/file/019EBwjrjbh4L>

## 6. Økonomi

Årsrekneskapen til Stiftinga Museumssenteret i Hordaland er avlagt etter rekneskapslova sine reglar for små føretak og under føresetnad om fortsett drift. Årsresultatet for 2022 syner eit overskot på 2.478.343 kr. MUHO har store oppgåver knytt til utvikling og oppgradering.

Det er utfordrande å få drifta i balanse. Difor har vi også i år hatt fokus på god bruk av dei tilsetteressursane vi har til rådvelde og vi har jobba for å skaffe meir eigeninntekter og fleire prosjekttilskot.

I 2022 utgjorde løns- og pensjonskostnadene 69,2% av totale driftskostnader. Pensjonskostnadene utgjorde 5,9%. Reguleringa av årlege driftstilskot følgjer ikkje same utviklinga som løns- og prisvekst og dette er bekymringsfullt. Kostnader til straum er 42% høgare enn i 2021, men likevel betydeleg lågare enn budsjett og prognosane tidleg hausten 2022. Dette skuldast i hovudsak straumsparing og energieffektiviseringstiltak. I desember fekk vi kr. 165.000 i tilskot til reduksjon av straumkostnadene for perioden oktober – desember 2022. Etter avkorting i ordninga vart det også løyvd kr. 1.184.228 (41,81 % av kostnadene) til ENØK-investeringar. IKT-kostnadene utgjorde 3,7% av totale driftskostnader i 2022. Det er framleis store behov for løysingar knytt til IKT, t.d. saks- og arkivsystem og digitalisering.

Vi har styrka eigeninntektene noko, men er enno ikkje tilbake på nivået før pandemien. I 2022 hadde vi eigeninntekter på 16% av dei totale inntektene, ein oppgang frå 12,7% i 2021. Billettsal og sal frå kafé og museumsbutikk er auka med 29% frå 2021. I ny plan



Neste generasjon lærer å slå med ljà på LHS

for eigeninntening 2023-2027 har vi eit mål om at eigeninntekter totalt skal vere 20% av omsetnaden i 2024 og 24% i 2027. Vi har mellom anna styrka tilsettr ressursane dei siste åra. Vi har satt konkrete mål for nivå på eigeninntekter, m.a. ved vidareutvikling av museumsbutikkane og nettbutikken, sal av kurs og tenester for m.a. statsforvaltar, andre muse og private kundar.

Likviditeten er tilfredsstillande og det er avsett 1,3 mill. til framtidig vedlikehald av bygg. Det er store behov for framtidig oppgraderingar og tiltak som krev store investeringar.



Konservering av tekstilverket Damien Ajavon for KODE



## 7. Heilskapleg samlingsutvikling

MUHO arbeider kontinuerleg, og med god progresjon, for å få god oversikt over samlingane og gjera stadig større deler av dei tilgjengeleg. Vi prioriterer i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.

Museet har store og dels gamle gjenstandssamlingar med ulik standard på tidlegare registreringar. Vi har difor eit fast fokus på digitalisering og oppdatering av registreringar, og har hatt god progresjon på digitalisering/tilgjengeleggjering av gjenstandar, og registrering av foto. Elles har vi arbeidd mykje med gjennomgang av magasin på fleire lokasjonar for å betre oppbevaringsforholda til samlingane. Vi har gått gjennom og dokumentert ei stor gjenstandssamling på Osterøy museum, som ein del av arbeide med å avklare eigarforholdet til samlinga, og starta arbeidet med å få på plass verdibergingsplanar for gjenstandar ved fleire avdelingar. Vi har fått eit godt forvaltningsverktøy for bygningssamlinga gjennom at Primusregistreringane no er oppdatert med tilstandsvurderingar. Det er teke i bruk nye digitale verktøy for betre dokumentasjon og tilgjengeleggjering av informasjon om landskap, bygg og kulturminne på Havrå. I samarbeid med NIKU er dokumentasjon fullført og skal gjerast tilgjengeleg i ArcGIS i 2023.

## 8. Trygg ivaretaking

Vi sikrar bygg og samlingar på best mogeleg måte og har fokus på forvaltning av dei levande samlingane. Vi har samarbeida tett med Vestland fylke om etablering av nytt samlingsentrum og det har vore konkret framdrift i arbeidet sist år. Vi har ferdigstilt eit omfattande arbeid knytt til rapporten Samlingsentrum i Vestland. Vi har utarbeidd ny felles sikringsplan, eit verktøy som sikrar fokus og standard for sikring av bygg, samlingar og kulturmiljø. Det har også vore fokus på oppbevaringsforhold og sikring av gjenstandar, m.a. gjennom fellesprosjekt knytt til farkostar og verdibergingsplanar. Det har vore kompetansebygging og planlegging knytt til fjerning av asbest i fleire delar av i det freda fabrikkannlegget Salhus Tricotagefabrik.

Vi har årlege skjøtsel- og restaureringsplanar for å ivareta og sikre dei kulturbiologiske verdiane i kulturlandskapa på Havrå og Lyngheiseret, og har gjennomført arbeid i tråd med planane. Det er halde internt kurs for å overføre og sikre kunnskap om reiskapskulturen på Havrå.

Tilstandsvurdering av antikvariske bygg er gjennomført og oppdatert i Primus. Dette sikrar prioritering og framdrift i vedlikehaldsarbeidet. Vi har finansiert istandsetjing av Bløddalssmia og arbeidet starta opp i 2022.



Foto: Thor Brødreskift

TIM Utstilling - Tonje Plur



TIM Veve-workshop



TIM Strikkelaurdag i oktober



Strengen er navnet på åkeren der vi dyrker korn og potet på Havrå



Festing av korn på staur

## 9. Kulturlandskap

MUHO er det einaste museet i Noreg med to autentiske gardar som har produsert mat og virke i over tusen år og framleis er i drift. Vi forvaltar nasjonal kompetanse knytt til tradisjonell drift og forvaltning av kysten sitt kulturlandskap; lyngheiene på Lyngheiseret og det freda kulturlandskapet Havrå, som også har plass på den eksklusive lista over UKL (Utvalde kulturlandskap). Vi har mykje kunnskap, dokumentasjon og forskning om den tradisjonelle drifta, og målet er å halde landskapa i hevd tufta på denne kunnskapen, og drive vern gjennom bruk.

Arbeidet knytt til kulturlandskapa vert finansiert av tilskot frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gjennom Post-71. Basert på uttale frå KLD og Riksantikvaren, er det skapt usikkerheit kring musea og deira mogelegheit til å søke tilskot frå denne posten. For MUHO utgjer dette i underkant av 3 mill årleg som vert nytta til løn og dette er beregjelken i forvaltninga av kulturlandskapet.

Vi har god oversikt over tilstanden til kulturlandskapet, og meir har me fått i samband med NIKU sitt arbeid. Desse registreringane vert lagt inn i ArcGis. For fleire av områda som treng restaurering, er det laga langsiktige strategiar. Desse samsvarar med skjøtselsplanen sine tilrådingar.

«Naturrom Lygra» er ei viktig satsing for MUHO. Det har vore jobba vidare med finansiering av det nye utstillingsbygget og kunnskapsproduksjon til utstillingane. Vi har fått støtte frå Forskringsrådet og UNESCO til innhaldsproduksjon, og har kome i gang med arbeid med utstillinga «Sirkulære Nordhordland» saman med Nordhordland UNESCO Biosfære. Prosjektet skal styrke formidlinga om samfunnsmessige utfordringar knytt til dagens ressursbruk og det grønne skiftet.



Tekstilhandverkar Monika Ravnanger underviser studentar på Tekstilkultur-studiet ved Vestnorsk kulturakademi.



Stemningsbilete frå «produktpilot» Nonsmat på OM.

## 10. Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv (IKA) i MUHO er ein integrert del av forvaltninga av dei levande samlingane på Havrå og Lygra, der skjøtelspraksis er bygt på tradisjonelle driftsmetodar. Vi har difor høgt fokus på å sikre kunnskap hos eigne tilsette om forvaltning og bevaring. Utfordringa er å sikre kvalifisert arbeidskraft til praktisk skjøtsel og vidareføring av kunnskapen, då dette ofte er spesialkunnskap knytt til få personar. Andre prioriterte felt innan IKA i MUHO er tekstilhandverk (oppstadvev), produksjon av tresko (småindustri), bruk av lokale råstoff til mat, bygningshandverk og vedlikehald og bruk av maskiner i Salhus Tricotagefabrik.

Vi har arbeidd aktivt for å dokumentere og bygge kunnskap om IKA som er relevant for gjenstands- og bygningsamlingar og forvaltning av kulturlandskapet/produksjon av mat og virke på lokale ressursar.

Vidareformidling er ein føresetnad for å sikre handlingsboren kunnskap, og vi gjennomførte 2 vevkurs, 2 kurs i plantefarging m.a. for studentar i praksis (UiB/USN), interne kurs for å sikre kunnskap om reiskapskultur og 5 vekers arbeids- og opplæringsprogram knytt til slåttonn. Det er òg gjennomført Lyngbrenningskurs, matkurs, sorteringskurs ull og sauesanking.

Det er etablert eit fast samarbeid med UiB/Høgskulen på Vestlandet og det er gjennomført undervisning på høgskulestudiet innan tekstilkunnskap. Det er halde to foredrag om museet sitt arbeid med tekstilkunnskap til konferansar i Nordhordland og på Grønland. Det er også publisert artikkel i Dag og Tid om lagring av mat i jordkjellar: «Grønsaklager utan straum» <https://www.dagogtid.no/feature/gronsaklager-utan-straum-6.121.27604.e8ffc92c9c>

# 11. Bygg og anlegg/ Bygningsvernarv

I 2022 var alle dei kulturhistoriske bygningane i MUHO ferdig registrert i Primus bygg. 30 bygg er publiserte og er tilgjengeleg i Digitalt museum. Resten av bygningane vil bli publisert i 2023. Primus bygg fungerer no som vår forvaltningsplan for den kulturhistoriske bygningsmassen.

I Tekstilindustrimuseet har asbestfunna gjort at arbeidet med sikring og istandsetting av 1900-bygget, som har TG 3, ikkje kan halde fram før asbesten er fjerna. På Havrå har Gullekshuset fått lagt nytt tak på nordsida og har med det gått frå TG3 til TG2. Larsahuset har framleis TG3 grunna manglande finansiering til istandsettingsarbeidet. På Lyngheiseret har eit tak på eit lite torvhus fått lekkasje og delvis kollapsa og fått TG3.

## STATUS BYGG PER 31.12.2022:

<b>TG 0: Ingen symptom</b>	<b>0</b>
<b>TG 1: Svake symptom</b>	<b>32</b>
<b>TG 2: Vesentlege symptom</b>	<b>62</b>
<b>TG 3: Kraftige/alvorlege symptom</b>	<b>8</b>



12  
Nothus Kårbø, Alver kommune. Eit av projekta Kulturverntenesta i Nordhordland har vore engasjert i.

# 12. Fellestenester for musea i Vestland

I 2022 kunne vi endeleg halde kurs igjen etter pandemien. Bevaringstenestene (BEV) gjennomførte kurs i handtering av tekstilar og gjenstandar, kurs i merking av gjenstandar og om mugg og helsefarlege stoff i samlingane. Musea i Vestland har no flytta meir 20 000 gjenstandar inn i fellesmagasinet, og berre i fjor vart det flytta inn 1403.

Vi reingjorde museumshus med historisk interiør, gav råd og rettleiing om klima og skadedyr i samlingane, konserverte og monterte tekstilar og gjenstandar i utstilling og pakka gjenstandar for transport.

Det er tilsett ein samlingsforvaltar i eit treårig prosjekt for å styrke musea sin dokumentasjon av samlingane. Prosjektet har starta med å registrere båtsamlingane ved musea i Vestland, for å få erfaring også med å sjå musea sine samlingar på tvers av institusjonane. I tillegg til dette har konservatorane på BEV konserverte gjenstandar og tekstilar for kundar som betalte oppdrag.



Bløddalsmia på OM under restaurering.

# 13. Relevant formidling

Vi har styrka formidlinga med 50% stilling. Rullering av plan, produksjon av filmar og prosjekt med QR-kode punkt er påbegynt og vil vidareførast i 2023. Vi har jobba med digital aktivitet knytt til QR-kodar for å auke medverking ved besøk både fysisk og digitalt. Dette viser gode resultat.

Vi har gjennomført prosjekt der vi har definert og innhenta kunnskap om brukarane våre som grunnlag for vidare arbeid for å utvikle meir treffsikre tilbod.


Det er etablert samarbeid med lokalt reiseliv om produktutvikling. Vi har styrka arbeidet med Sosiale medium og felles marknadsføring i tråd med overordna strategi. Sjølv om besøkstalet i 2022 er prega av gjenopninga etter Covid, er det lagt viktig grunnlag for vidare publikumsutvikling. Skuletilbodet Escape-Box er ferdig og testa ut og opplegget får god tilbakemelding. Det er arbeid med vidareutvikling av utstillingar og finansiering av desse og utvikla besøksstrategi for Havrå.

Samarbeidet med Glitch Studios om prosjektet med arbeidstittelen «Blodig alvor» fekk 750 000 frå KUP-midlar frå Vestland fylkeskommune. Blodig alvor er eit digitalt undervisningsopplegg for ungdom og vidaregåande skule. Tema er klima- og naturkrisa, der dagens ungdom spelar ei viktig rolle knytt til eiga framtid.

På grunnlag av mangfaldsplakaten har formidlinga i større grad spegla mangfaldet i samfunnet gjennom m.a. tilrettelagte tilbod til flyktningar/vaksenopplæring, demente og rørslehemma. Vi har med tilskot frå Bergen kommune, gjennomført ei omvising og eit julearrangement med ukrainsk tolk. Fleire slike omvisingar er planlagd i 2023.

Galleri Salhus er ein attraktiv utstillingsarena for kunstnarar nasjonalt. I 2022 var det 6 ulike utstillingar i galleriet. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk vitja utstillingane og kjøpte verk frå fleire av desse.

Totalt opna vi 12 nye utstillingar i 2022, inviterte til 70 ulike opne møter, foredrag og seminar og til 4 konsertar.



Vandring på Kulturstien på Osterøy i vintermørket. Ei magisk oppleving Lucia-kvelden.



Workshop på TIM: (Re)fashioning the future 2022.

# 14. Solid kunnskapsproduksjon

Med fagleg arbeid og samarbeid med eksterne nettverk og FoU-sektoren sikrar vi meir kunnskap om eigne samlingar, som òg skal styrke formidlinga og samlingsforvaltninga. Utvikling, samordning og koordinering er ivareteke gjennom faggruppene sine planar, årsplanar og strategiprojekt, der dei ulike virkefeltene er sett i samanheng.

Vi har styrka forskingskompetansen gjennom at to tilsette har delteke på UiB sine forskingsfag og 4 tilsette har delteke på skrivesamlingar og seminar i prosjektet «Forskningsinfrastruktur i musea i Vestland». Det er publisert 3 fagfelleverderte artiklar i 2022.

Vi har formalisert samarbeid med FoU-sektoren og nasjonale museumsnettverk: Fem formaliserte prosjektsamarbeid med UiB mfl., som går over fleire år: Tre prosjekt i regi av nasjonale museumsnettverk og eksterne partar som m.a. Nibio. Samarbeidet med UiB omfattar også tilrettelegging for studentar for forskning på samlingane og praksisopphald. Dette inkl. tre ulike institutt v UiB. I 2022 er det også formalisert prosjektsamarbeid med Bioregion-Institute om det tverrsektorielle prosjektet BioDeepMap.

I april arrangerte vi samling for det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap.

Fagansvarleg for forskning, Siri Haugum, var utpeika til Ledestjerne av Dagens Næringsliv, og helgemagasinet D2 trykte ein stor reportasje som kan lesast her: <https://www.dn.no/d2/ledestjerner/ledestjerner-2022/siri-vatso-haugum/forskning/ledestjerne-siri-vatso-haugum-frykter-forst-og-fremst-torken/2-1-1215415>.

## Formalisert FoU-samarbeid og nettverksarbeid:

Nettverk for arbeiderkultur og arbeidslivshistorie

Nettverk for teknologi og industrihistorie

Nettverk for drakt og tekstil

Nettverk for minoriteter og kulturelt mangfold

Nettverk for kulturlandskap

Nettverk for tradisjonshåndverk og bygningsvern

Nordisk Kulturlandskapsforbund

Nettverk Nordhordland biosfæreområde

European Heathlands Network

Regionalt nettverk for industriminne

Leiar av det nasjonale lyngheinetten LyngNett

Styrerepresentant i Seksjon for samlingsforvaltning, NMF

Styrerepresentant i Seksjon for immateriell kulturarv – NMF



Fagansvarleg for forskning, Siri Haugum, utpeika til Ledestjerne av Dagens Næringsliv. Foto: Dagens Næringsliv

# 15. Klima og miljø

Med forvaltingsansvar for 104 museumsbygg på 17000 m2 og 3500 dekar kulturlandskap, ønskjer vi å bidra til å redusere klimautslipp og påverknad på det ytre miljø. Systematisk arbeid på dette området gir meir effektiv drift og kostnadskutt. Vi er sertifisert som Miljøfyrtårn. Dette har gitt oss verktøy for effektive og lønsame miljøforbetringar innan områder som arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport.

Vi har samla klima- og miljørapport og handlingsplanar for alle avdelingar. I 2022 har vi redusert straumforbruket frå 1 mill. kWh til 750.000 kWh. Vi har gjennomført Enøk-tiltak som installasjon av varmepumper, utbetring av ventilasjon og varme i fleire bygg. Vi har installert varevindauge og nye dører og isolert lekkasjar i bygningar. Vi har og planlagt Enøk-tiltak som skal gjennomførast i 2023.

Vi har jobba med arbeidsmiljø i alle avdelingar med felles samlingar for å styrke det sosiale fellesskapet, gjennomført medarbeidersamtalar og medarbeidarundersøking.





Skeivt år, markering på VUS

## 16. Arbeid i museumsregionen

Hovudaktiviteten til Kulturverntenesta i Nordhordland ligg innan feltet bygningsvern og speglar lokal aktivitet på dette feltet. Tenestene har også dette året vorte tilpassa dette behovet slik at både museums- og bygningsverntenesta fritt kan nyttast av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Alver.

Det har vore innspelsmøte i samband med kulturminne- og kulturmiljø-planarbeid i Austrheim og Alver. I alle kommunane er dei vedtekne Kulturminneplanane eit godt og viktig verkøy for å prioritere oppgåver for samarbeidet. Men det har også dette året vore tettast samarbeide med dei kommunane som aktivt brukar kulturminneplan i forvaltninga.

Museumstenesta: Database- og registreringsprogrammet Primus er tilgjengeleg for historielag i regionen og det har vore rettleiing knytt til registreringsarbeid i Lindås sogelag og Postmuseet på Festo.

Bygningsvern: Det har vore jamn aktivitet gjennom heile året, i tråd med måla om å gje fri rådgjeving. Det gjeld saker som arkitektfaglege spørsmål om eldre bygningar, dokumentasjon av bygningar og kulturmiljø, finansiering av tiltak og arbeide med søknadar. I tillegg til dei ovanfor nemnde rådgjevingstenestene tek Kulturverntenesta oppdrag med dendrokronologisk datering av bygningar. Oppdragsgjevar er oftast Vestland fylkeskommune, men også andre fylke og private har nytta seg av denne tenesta.

## 17. Mangfald og inkludering

Mangfaldsplakaten vår sikrar merksemd knytt til personell, programmering, publikum og samling, og skapar representasjon, medverking og relevans for eit større mangfald i alle ledd. Mangfaldsplakaten skapar større medvit om temaet og legg grunnlag for å prioritere tiltak som løfter dette.

Vi deltek i musea sitt Mangfaldsnettverk om Samlingenes mange stemmer. I delprosjektet samarbeider vi med ein Mangfaldsredaksjon av unge vaksne med ulik bakgrunn som igjen bruker eigne nettverk for å samle inn samtidsdokumentasjon. Dette skal sikre oss nye og meir mangfaldige stemmer til samlinga.

For å legge til rette for større mangfald i formidlingsopplegg, har vi hatt medverking frå særorganisasjonar og brukarar. Vi har gjennomført tilbod til flyktningar/vaksenopplæring og rørslehemma. Det er utvikla formidlingsopplegg med biletvisning av elles utilgjengelege stader, tilrettelagt for personar med nedsett rørsle og ei reisekiste med taktile minneelement.

Gjennom Kulturlos har vi samarbeid med eit nettverk av andre organisasjonar i regionen. Kulturlos skal legge til rette for å hjelpe publikum som til vanleg ikkje nyttar kulturtilboda våre.

For å sikre mangfald i organisasjonen har vi knytt målsettingar til balansert kjønnsbalanse, alderssamansetning og bakgrunn. For dei mange tilsette med ulik nasjonalitet, tilbyr vi norskopplæring i arbeidstida og har fokus på å ivareta og leggje til rette for at tilsette med andre tradisjonar og religiøse markeringar kan utføre desse. Dette er konkrete måtar å vise respekt og toleranse for mangfaldet. For å bli kjende med kvarandre på tvers av språk og bakgrunn, har vi hatt arrangement og turar med fokus på sosialt samvær.



Dugnadsfolket – Anne-Karin Natås, leiar i styret i Utvandringssenterets venner bidreg med alt frå luke bed til å organisere festival og arkiv.



VUS: Konsert som bygger broer - trio frå USA, Norge og Russland.



Frå utstillinga på OM «Sjølvlærande åklebragder» v. Magnus Håland Sunde. Møte i veven mellom ei personleg historie frå vår samtid og gamle tradisjonar.



### Ordsky - Kva gjev det deg å vere frivillig?

## 18. Frivillig arbeid

Det frivillige arbeidet som vert utført ved fleire av musea våre er særskild viktig og det er gledeleg at både Arna sogelag, Osterøy museums lag og Venelaget ved VUS har teke oppatt aktivitetane sine etter pandemien. Dei utgjer eit viktig element i aktiviteten ved avdelingane og står bak arrangement, dugnadar og dokumentasjonsarbeid.

2022 var Frivilligheitas år, og styret i Utvandringssenterets venner valde festivalen som «Vår dag». Heile 55 personar jobba dugnad berre i høve Utvandringssenterets festivalen, i tillegg kjem langt fleire timar som elles er lagt ned gjennom året, totalt kring 3000 timar, berre på denne eine avdelinga åleine. Totalt i MUHO har til saman 93 personar jobba om lag 2,13 årsverk dugnad.

Ordsky er basert på innsamla ord frå festkvelden i Utvandringssenterets festivalen. Den forklarar og fortel kvifor dei frivillige er med – det gjev dei noko tilbake, i tillegg til at dei er med å skape noko for andre og for fellesskapet.

(Dette underbygger den såkalla ABC-modellen for mental helse som handlar om at å A) gjere noko aktivt, B) gjere noko saman med andre og C) gjere noko meningsfullt er bra for folk.)



# 19. Rekneskap og revisjonsrapport

Ferdig oppstilling frå revisor

## Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

### Resultatrekneskap 2022

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2022	2021
Offentlege tilskot		40 664 354	38 722 785
Andre inntekter		7 477 090	5 483 534
Sum driftsinntekter		<u>48 141 444</u>	<u>44 206 319</u>
Varekostnad		773 876	841 340
Lønskostnader m.m.	2	31 858 519	29 238 724
Avskrivning på driftsmidlar	3	506 853	391 528
Andre driftskostnader	2	12 698 055	12 994 424
Sum driftskostnader		<u>45 837 303</u>	<u>43 466 015</u>
Driftsresultat		<u>2 304 141</u>	<u>7 400 304</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Andre renteinntekter		178 213	66 940
Andre finansinntekter		44 337	205 949
Andre rentekostnader	4	48 348	63 191
Resultat av finanspostar		174 201	209 698
Resultat før skattekostnad		<u>2 478 343</u>	<u>950 002</u>
Resultat		<u>2 478 343</u>	<u>950 002</u>
Arsresultat	5	<u>2 478 343</u>	<u>950 002</u>
Som vert nytta slik: Avsett til anna eigenkapital		-2 478 343	-950 002
Netto		<u>2 478 343</u>	<u>950 002</u>

Side 1

## Stiftinga Museumssenteret I Hordaland

### Balanse pr 31.12.2022

Eigna	Note	2021	2021
Værlige driftsmidlar	3	14 689 838	14 837 446
Museumsgyter	3	0	23 968
Vetenskaps	3	1 605 566	605 417
Inventar, bilar m.m.		<u>16 295 403</u>	<u>15 466 831</u>
Sum værlige driftsmidlar			
Aksjar og fordringar	6	120 000	120 000
Aksjar		12 000	12 000
Andre fordringar		<u>132 000</u>	<u>132 000</u>
Sum aksjar og fordringar		<u>16 427 403</u>	<u>15 598 831</u>
Sum anleggsmidlar			
Omløpsmidlar			
Lagert av varer		<u>436 353</u>	<u>327 849</u>
Fordringar			
Kundefordringar		2 025 395	318 770
Andre fordringar		1 033 125	1 061 127
Tilgode tilskot		4 024 306	3 661 260
Sum fordringar		<u>7 082 826</u>	<u>5 041 157</u>
Andre markedsbaserte finansielle instrumenter	7	4 000 000	4 000 000
Sum investeringar		<u>4 000 000</u>	<u>4 000 000</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	8	16 912 328	18 159 583
Sum omløpsmidlar		<u>28 431 507</u>	<u>27 528 589</u>
Sum eiga		<u>44 858 910</u>	<u>43 127 420</u>

Side 1

# Stiftinga Museumssenteret I Hordaland


## Balanse pr 31.12.2022

<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	
<b>Bunden eigenkapital</b>			
Grunnkapital		7 660 715	7 660 715
Sum bunden kapital		<u>7 660 715</u>	<u>7 660 715</u>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		18 286 195	15 807 852
Fri EK vedlikehold bygg		1 307 211	1 307 211
Sum opptent eigenkapital		<u>19 593 406</u>	<u>17 115 063</u>
Sum eigenkapital	<b>5</b>	<u>27 254 121</u>	<u>24 775 778</u>
<b>Gjeld</b>			
Langsiktig gjeld	<b>4</b>	1 279 986	1 313 194
Sum anna langsiktig gjeld		<u>1 279 986</u>	<u>1 313 194</u>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		2 102 158	1 852 413
Skuldige offentlege avgifter		2 199 534	2 083 620
Periodisert tilskot		2 771 787	4 585 596
Anna kortsiktig gjeld		9 251 325	8 516 819
Sum kortsiktig gjeld		<u>16 324 803</u>	<u>17 038 448</u>
Sum gjeld		<u>17 604 789</u>	<u>18 351 642</u>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<u>44 858 910</u>	<u>43 127 420</u>


Salhus, 21.02.2023



Sara Sekkingstad  
Styreleiar



Geir Steinar Dale  
Nestleiar



Tone Hellesund  
Styremedlem



Jorunn Tvedt  
Styremedlem



Hanne Dale  
Styremedlem

Frank Willy Djuvik  
Styremedlem



Elisabeth Herdla Halvorsen  
Administrerande direktor

# 20. Revisjon 2021

For Stiftinga Museumssenteret i Hordaland  
Org. Nr. 971 349 743



RSM Norge AS

Til byret i Stiftinga Museumssenteret | Hordaland

Museum gate 2, 5100 Voss  
Org. nr. 962 116 588 voss

T +47 56 51 04 00  
F +47 56 51 04 01

[www.rsmnorge.no](http://www.rsmnorge.no)

Møding til uarkhengig revisor  
**Utvald om årsrevisjonsrapporten**

### Kostnadspålegg

Me har revidert Stiftinga Museumssenteret i Hordaland sin årsrevisjonsrapport som viser et overskot på kr 2 478 343. Årsrevisjonsrapporten er sammenlitt av bilansen per 31. desember 2022. Resultatrisikofaktor for revisjonsoppgaven er evaluert på denne datoen og noter til årsrevisjonsrapporten, medtatt et samrending av ulike revisjonsoppgaver.

Etter vår mening

- oppfyller årsrevisjonsrapporten gjeldende lovverk, og
- gir årsrevisjonsrapporten et rettferdig bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatet for revisjonsoppgaven som var avtalt på denne datoen, i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge.

### Grunnlag for kostnadspålegg

Me har gjennomført revisjonen i samsvare med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ene). Vår oppgåve og plikt er å utarbeide og presentere et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge. Løsningsalternativet er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge. Løsningsalternativet er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge. Løsningsalternativet er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge.

Ved utarbeidinga av årsrevisjonsrapporten må bilaga til årsrapporten til utvalget si oppgåve si å halde fram med utførelse og utførte om stiftinga si beredning for data. Finansrapporten om at det kan ha skjedd feil, skal legges til grunn for årsrevisjonsrapporten så lenge det ikkje er sannsynlig at feilene vil bli oppdaga.

Revisor sine oppgåver og plikt er revidert av årsrevisjonsrapporten. Vårt mål er å oppdage feil som kan føre til at årsrevisjonsrapporten som holdes ikkje er rettferdig i forhold til stiftinga. Vår oppgåve er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge. Løsningsalternativet er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge.

Vårt mål er å oppdage feil som kan føre til at årsrevisjonsrapporten som holdes ikkje er rettferdig i forhold til stiftinga. Vår oppgåve er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge. Løsningsalternativet er å utarbeide et bilde av stiftinga si økonomiske stilling i samsvare med revisjonsoppgaven sine vilkår og god revisjonspraksis i Norge.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD  
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS er medlem av The ICAI-Association of Chartered Accountants (ICA), The Institute of Chartered Accountants of India (ICAI), The Institute of Chartered Accountants of Norway (ICA-Norge), The Institute of Chartered Accountants of Sweden (ICAI-Sverige), The Institute of Chartered Accountants of the United Kingdom (ICAI-UK), The Institute of Chartered Accountants of the United States of America (ICAI-USA), The Institute of Chartered Accountants of the United Kingdom (ICAI-UK), The Institute of Chartered Accountants of the United States of America (ICAI-USA), The Institute of Chartered Accountants of the United Kingdom (ICAI-UK), The Institute of Chartered Accountants of the United States of America (ICAI-USA).



Møding til uarkhengig revisor 2022 for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

**Utvald om andre beredningskrav**

### Kostnadspålegg om beredning

Etter vår mening vil årsrevisjonsrapporten gi et rettferdig bilde av stiftinga si økonomiske stilling, og beredningskravene som har blitt revidert eller internasjonalt standard for beredningsoppgaven (ISA) 2000 i årsrevisjonsoppgaven som ikkje er revidert eller finansielle revisjonsoppgaver av historisk finansiell informasjon, mener me at stiftinga er beredt i samsvare med lov, stiftinga sitt beredning og vedtakene eller.

Voss, 21.02.2023  
RSM Norge AS

*Harald Petrá*  
Harald Petrá  
Attestforordnings revisor

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD  
AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS er medlem av The ICAI-Association of Chartered Accountants (ICA), The Institute of Chartered Accountants of India (ICAI), The Institute of Chartered Accountants of Norway (ICA-Norge), The Institute of Chartered Accountants of Sweden (ICAI-Sverige), The Institute of Chartered Accountants of the United Kingdom (ICAI-UK), The Institute of Chartered Accountants of the United States of America (ICAI-USA), The Institute of Chartered Accountants of the United Kingdom (ICAI-UK), The Institute of Chartered Accountants of the United States of America (ICAI-USA), The Institute of Chartered Accountants of the United Kingdom (ICAI-UK), The Institute of Chartered Accountants of the United States of America (ICAI-USA).

## Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2022

Museumssenteret i Hordaland vart det første konsoliderte museet i Hordaland ved samanslåinga av Norsk Trikotasjemuseum (no Tekstilindustrimuseet), Bevaringstenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004. I 2006 vart avdelinga Kulturverntenesta i Nordhordland oppretta. Frå 1. januar 2007 vart drifta av Osterøy museum, Havråtunet og ein del av MUHO, medan Lyngheisenteret kom med frå 12. februar 2007. Vestnorsk utvandringscenter vart konsolidert inn 1. januar 2010. Det er f.o.m. 1.1.2011 inngått samarbeidsavtale om drift av Ådnatun.

Museumssenteret i Hordaland har regionansvar for kommunane i Nordhordland, inkludert Osterøy og Vaksdal.

### Føremål

Museumssenteret i Hordaland er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som driv bevaring, forskning, undervisning og formidling om kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapa, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. Museumssenteret i Hordaland utfører også tenester innan samlingsforvaltning for musea i Hordaland.

#### 1. Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3 – 3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

#### 2. Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2022 var 5,41%, ein knapp reduksjon frå 5,45 % i 2021 . Det har ikkje vore alvorlege arbeidsulukker i 2022.

#### 3. Publikum

I 2022 har 20 546 personar besøkt museet sine avdelingar. Det er ein auke på 4 601 i høve til 2021.

#### 4. Likestilling

Stiftinga hadde (ved årsslutt) 50 faste tilsette i 42,66 årsverk. I tillegg var det 6 faste i lengre vikariat eller prosjektstillingar, til saman 5,4 årsverk. Nokre faste tilsette gjekk og i lengre vikariat i tillegg, noko som utgjorde til saman om lag 1 årsverk. Totalt er 35,1 årsverk kvinner og 14,3 menn. I tillegg har vi hatt 29 sesongtilsette, timetilsette og personar på tiltak. Det er til saman utført 49,4 faktiske årsverk i 2022. Styret har 6 medlemmer der 4 er kvinner og 2 er menn.

## Melding frå styret for Museumssenteret i Hordaland for 2022

### 5. Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra påverknad på det ytre miljøet.

### 6. Økonomi

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Museet sin økonomi er i balanse og rekneskapen for 2022 er gjort opp med eit overskot på kr 2 478 343. Rekneskapen er sett opp basert på fortsett drift.

*Salhus, 21.02.2023*

### Styret i Stiftinga Museumssenteret i Hordaland

---

Sara Sekkingstad  
*styreleiar*

---

Geir Steinar Dale  
*nesteleiar*

---

Frank Willy Djuvik  
*styremedlem*

---

Jorunn Tvedt  
*styremedlem*

---

Tone Hellesund  
*styremedlem*

---

Hanne Dale  
*styremedlem*

---

Elisabeth Herdla Halvorsen  
*direktør*

## 22. Dette er MUHO




### BEVARINGSTENESTENE

er ei felles bevarings- og konserveringsteneste for dei konsoliderte musea i Vestland, og tilbyr kurs og praktisk arbeid innan førebyggjande konservering. Avdelinga har ansvar for eit fellesmagasin for prioriterte gjenstandar. I tillegg tek avdelinga betalte oppdrag for mellom anna Statsbygg, KORO, Riksantikvaren og norske museum. Avdelinga utgjer eit stort konserveringsfagleg miljø innan konservering av tekstilar, møblar og gjenstandar.




### VESTNORSK UTVANDRINGSSENTER


består av Emigrantkyrkja og Prærielandsbyen. Med utgangspunkt i bygningar flytta frå USA, fortel vi om den store norske utvandringa til Amerika, og om utvandring, innvandring og kultur møte. Vi trekk parallellar til kultur møte i vår tid med arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre innvandrarar som kjem til vårt land, og har med seg sin kultur. Folk vandrar, kulturar møtast, før som no.



### TEKSTILINDUSTRIMUSEET

held til i det freda teknisk-industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrik (1859–1989). I tillegg til vern og formidling av Salhus Tricotagefabrik har museet eit nasjonalt ansvar for å ta vare på historia til og forske på den norske tekstilindustrien. Museumsgjestane er lokale og internasjonale, og kjem for å sjå på den unike maskinparken og høyre om tekstilindustrien. Saman med galleriet, museumsbutikken og kaféen gjev museet kunnskapsformidling og unike opplevingar.





### KULTURVERNTENESTA I NORDHORDLAND

skal hjelpe private eigarar og kommunane med spørsmål om forvaltning og formidling av verneverdige bygningar og kulturminne. Tenestene er gratis i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.




### LYNGHEISENTERET

på Lygra er oppretta for å ta vare på kulturlandskapet på kysten og kunnskapen og tradisjonane knytt til dette landskapet. I samarbeid med lokale grunneigarar vert 1500 mål lyngheier haldne i hevd på autentisk vis. Lyngheiene er i dag ein utryddingstruga naturtype, og meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne dei siste 100 åra. Området er tilrettelagt for naturopplevingar, formidling, undervising og forskning.




### HAVRÅ

er ein gard i drift. Det mat- og virkeproduserande landskapet har viktige kulturbiologiske verdiar som er sterkt truga. Forvaltingsmåla er å drive garden slik ein ser det i Havråfilmen frå 1949/50. Store delar av landskapet er i dag i ein restaureringsfase. Garden er freda som kulturminne, og er på lista over utvalde kulturlandskap. Det bur folk i tunet.



### OSTERØY MUSEUM

er eit av dei eldste folkemusea våre, med store kulturhistoriske samlingar. Arkiv, gjenstandar, foto og bygningar fortel om livet på strilelandet. I dag har museet særleg fokus på handverk og småindustri, og kunnskapsarven knytt til bruk av ull og oppstadjev, bygningshandverk og treskoproduksjon.



M U MUSEUMSSENTERET  
H O I HORDALAND